



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Senioringeniør Lars Kringstad, 71 25 84 50

Vår dato  
03.10.2013  
Dykkar dato  
11.06.2013

Vår ref.  
2013/4022/LAKR/561  
Dykkar ref.

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Fræna kommune - Istad Kraft AS - bygging av Malme og Røshol kraftverk. Fråsegn til konsesjonssøknad.**

### **Bakgrunn**

- Istad Kraft AS vil utnytte fallet i Malmealva frå kotehøgde 115 ned til eit kraftverk på kote 47 (alt.1) eller 53 (alt. 2).
- Maksimal slukeevne er på 3,8 m<sup>3</sup>/s. Dette er 200 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 1,9 m<sup>3</sup>/s . Minimum slukeevne er på 0,4 m<sup>3</sup>/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 0,12 m<sup>3</sup>/s .
- Det er føresett minstevassføring 90 l/s sommar og 140 l/s vinter .
- Vassvegen blir om lag 515 m (alt.1) / 415 m (alt.2). Røyrdiameter 1300 mm. Det skal gravast ned på heile strekninga.
- Til kraftstasjonen blir det bygt ny tilkomstveg på 300 m. Til inntaksdammen blir det bygt ny veg på om lag 630 m.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 6,4 GWh med installert effekt på 2,2 MW (alt.1) / 5,9 GWh/2.0 MW (alt.2).

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Biologisk mangfold - terrestrisk**

Vi har ikkje merknader til kunnskapsgrunnlaget som er lagt fram i saka. Kartet på side 17 i rapporten gir ei god oversikt når det gjeld dominante vegetasjonstypar i området. Det er konkludert med at floraen stort sett har vanlege artar og er kulturpåverka. Det som er faglig interessant er den registrerte fossesprøytsa (noko trua (NT)vegetasjonstype) og som har ei godt utvikla moseutforming. Lav- og mosefloraen er vurdert som vanleg, men ein del av artane er sers fuktkrevjande. Sjølv om lokaliteten ved Storfossen er vurdert til å ha verdien C, må dette sjåast i samanheng med at naturtypar som vert fanga opp av dei faglege kriteria i DN si kartleggingshandbok 13 i utgangspunktet er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Fossesprøytsone er ein utsett naturtype og ikkje minst på grunn av kraftutbygging. Med bakgrunn i dette og at denne fossesprøytsa etter Naturbase er den einaste registrerte i Fræna kommune, må vi rá frå eit inntak ovanfor Storfossen.

### **Fisk- og ferskvassbiologi**

Fylkesmannen har synfart området og konstaterer at Malmealva er laks og sjøaureførande (anadrom) til Litlfossen. Det er nyleg utført biotopjusterande tiltak for anadrom fisk i området like nedstraums kraftstasjon alt. 1. Frå dette elveavsnittet til Litlfossen er

vandringsvegen for fisk open. Øvre grense for anadrom strekning i elva er derfor ikkje i samsvar med opplysninga i søknaden der det blir nemnt på side 25 at «elva benyttes av laks og sjøørret nedenfor vandringshindreret markert i Fig 10.» Dette hinderet (markert som raud trekant) er på kartet plassert, og i teksten omtalt, nedstraums begge lokalitetane for kraftstasjon (alt. 1 og 2). I tillegg til biotopjustering er det av det lokale elveeigarlaget utført tiltak for å styrke gyting og produksjon av anadrom fisk ved å flytte gytemoden fisk til vassdragsavsnittet i Skarområdet, langt oppstraums Storfossen. Aktivitet i (biotopjustering) og rundt Malmeelva (flytting av fisk) reflekterer vassdragets verdi som anadrom lokalitet. På denne bakgrunnen og med dei uklare opplysninga i søknaden med omsyn til anadrome strekning, ser vi det som naudsynt at desse forhold blir klarlagt og omtalt på ein meir grundig måte. Forhold knytt til anadrome kvaliteter står sentralt i slike type saker.

Det er påvist ål i nedre deler av vassdraget. Ål er raudlista og kritisk truga. I kva grad ål vandrar opp vassdraget er lite avklart. Sjølv om elva stig kraftfullt, vurderer vi likevel at vassdraget også oppstraums fossane, gjennom Malmedalen til elver, sideelver og vatn i Skarområdet kan vere lokalitetar for ål. Det blir også opplyst at ål skal vere tatt i Gunilla. At den skal ha vandra opp via Kordalselva ser vi som lite sannsynleg. I følgje Norsk institutt for naturforskning (NINA) viser studiar at over 50 % av ål døyr ved utvandring gjennom kraftverk. Gjennomføring av tiltak for å leie fisk forbi turbinane er det sikraste for å redusere dette. Også andre tiltak som transport av ål forbi kraftverket, ålevennleg gitter i vassinntaket (coandainntak) eller å stanse kraftverket i perioden under utvandring kan vere aktuelle. I kva grad det kan vere aktuelt med særskilte tiltak i dette prosjektet bør vurderast nærmare.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova dersom kraftverket blir plassert som vist i alt. 2.

### **Friluftsliv**

Sjølve utbyggingsområdet er lita nytta til ålmenn ferdsle. Noko nord for inntaket går ein merka turveg over Gangskaret. Dette var i tidlegare tider den kortaste vegen mellom Malmefjorden og Molde. Tiltaket vil ikkje påverke denne.

### **Landskap**

Vi har ikkje vesentlege merknader til omtalen av landskapsverknadene i søknaden. Når det gjeld kraftstasjonsplassering vil det vere ein viss skilnad mellom alternativ 1 og 2. Ein kraftstasjon nær Littlefossen (alt. 2) kan nok redusere opplevingsverdien av fossen i noko større grad enn om stasjonen blir plassert lenger ned. Totalt sett ser vi ikkje dei to alternativa som vesentleg forskjellige.

### **Forureining**

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

### **Konklusjon**

Fylkesmannen viser til merknadene over.

- Eit inntak ovanfor Storfossen vil verke negativt inn på den registrerte fossesprøytsena. Dette er ein utsett naturtype. Sjølv om den berre er vist med lokal verdi (C) er dette likevel den einaste som er registrert i kommunen. Dette talar mot eit inntak ovanfor Storfossen.
- Anadrom strekning går opp til Littlefossen. Søknaden er uklar på dette punktet. Vi tilrår at ein eventuell kraftstasjonen blir plassert som vist i alternativ 2, altså så

nær anadrom grense som mogleg. Ein må også vurdere omløpsventil for å hindre stranding av fisk ved utfall av kraftstasjonen.

- Det er registrert ål i nedre deler av vassdrag. Ål er raudlista og kritisk truga. Det er sannsynleg at ål vandrar opp i vassdraget. Så lenge dette ikkje er betre avklart vil vi som eit føre-var tiltak rå til at det blir installert eit coandainntak som sikrar at utvandrande ål slepp forbi.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
seksjonssjef

Lars Kringstad  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

## Fagsaksbehandlar

Fisk- og ferskvassbiologi: Leif Magnus Sættem tlf. 71 25 88 57

Kopi:

Fræna kommune